

FORSKRIFT OM TILSKOT TIL REGIONALE MILJØTILTAK I HORDALAND

Heimel: Fastsett av Fylkesmannen i Hordaland 25. xxx med heimel i lov 12. mai 1995 nr. 23 om jord (jordlova) § 18 og delegeringsvedtak 14. desember 2004 nr. 1615.

Kapitel 1. Innleiande føresegnar

§ 1. Føremål

Føremålet med denne forskrifta er å bidra til at kulturlandskapet i Hordaland vert halde i hevd og at jordbruket vert drive på ein miljømessig forsvarleg måte.

§ 2 Føresegna gjeld

Forskrifta gjeld for tilskot til miljøtiltak i Hordaland fylke.

§ 3. Grunnvilkår

Det kan berre gjevast tilskot til miljøtiltak etter denne forskrifta til:

Føretak som har rett til produksjonstilskot, jf. forskrift 19. desember 2014 nr 1817 om produksjonstilskot mv i jordbruket, og/eller

Beitlag som er godkjent av kommunen og som er registrert i Einingsregisteret, jf einingsregisterlova av 13.06.1994 nr 15 For alle føretak som har jordbruksareal med planteproduksjon og som har rett til produksjonstilskot, er det eit vilkår at føretaket oppfyller krava til gjødslingsplan i forskrift 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging § 3. Ved bruk av sprøytemiddel er det eit vilkår at føretaket oppfyller krava til føring av sprøytejournal i forskrift 26. juli 2004 nr. 1138 om plantevern midlar, § 18 femte ledd.

Kapittel 2. Tilskot til ulike føremål

§ 4. Miljøtilskot til veglause områder

Tilskotet gjeld drift av veglause kyst- og fjordgardar som har meir enn 5 daa fulldyrka og overflatedyrka jord og som er utan veg, bru eller bilferje. Det skal ikkje vere mogleg å transportere driftsmidlar eller avling direkte med kjøretøy til og frå garden. Det omsøkte arealet skal vere i drift og slåast og haustast minst ein gong i vekstsesongen. Det er ikkje nødvendig å ha den veglause garden som driftssenter. Tilskotet blir utmålt pr. daa. Det er satt krav om skjøtselsplan for det omsøkte området.

§ 5. Miljøtilskot til areal med spesielle verdiar

Det kan løyvast tilskot til skjøtsel av fulldyrka og overflatedyrka areal som vert brukt til fruktproduksjon, som er brattare enn 1:5 og som har rett til tilskot for bratt areal, jf. § 7. Det vert gitt tilskot til maksimalt 50 daa. Undervegetasjonen skal slåast minst ein gong i løpet av vekstsesongen og frukta skal haustast. Tilskotet blir utmålt pr. dekar.

§ 6. Miljøtilskot til lokalt verdifulle jordbrukslandskap – «landskapsparkar»

Tilskotet gjeld føretak som er medlem i ein landskapspark og som har dyr på beite der i minst 8 veker i løpet av vekstsesongen. Tilskotet gjeld dyr på innmarksbeite. Føretaket må disponere beitearealet. Landskapsparken må ha ein skjøtselsplan som dekker beiteområdet. Det er satt krav om skjøtselsplan for det omsøkte området.

§ 7. Miljøtilskot til skjøtsel av bratt areal

Tilskot kan løyvast til skjøtsel av fulldyrka og overflatedyrka areal brattare enn 1:5 og brattare enn 1:3. Tilskotet gjeld føretak der minst 30 % av det disponerte fulldyrka og overflatedyrka arealet er brattare enn 1:5. Det kan maksimalt løyvast tilskot etter § 5 og § 7 til 50 daa bratt areal pr. føretak. Det er ein føresetnad at grasareal vert slått og andre vekstar hausta minst ein gong pr. vekstsesong, jf. § 5. Det er felles toppavgrensing for tilskota etter § 5 og § 7.

§ 8. Miljøtilskot til beite i fjellet

Tilskotet gjeld føretak som har beitedyr i organisert beitelag som har driftssenter i Hordaland. Det vert gitt tilskot til dyr som tilfredsstillar krava til dyr på utmarksbeite i produksjonstilskot. Sau skal tilfredsstillar krava til kode 431 - sau over 1 år og kode 432 - sau under 1 år i produksjonstilskot. Tilskotet gjeld berre for dei dyra som går i beitelaget sitt beiteområde.

§ 9. Miljøtilskot til drift av beitelag

Tilskot kan løyvast til organiserte beitelag som er godkjente av kommunen. Tilskotet vert gjeve til organisert tilsyn og organisert sanking ved fellesbeiting av utmarksareal og innmarksbeite.

Tilskot til drift av beitelag gjeld sau, geit og storfe som beiter i utmark og på innmarksbeite i minst 8 veker. Kyr og geiter i laktasjon er ikkje omfatta av denne ordninga.

Når beitelag har beiteområde i fleire kommunar skal søknad gå til den kommunen der størst del av beiteområdet ligg. Tilskot vert gjeve etter fast sats per dyr som er heimsanka

Godkjenning og krav til beitelag

Frist for søknad om godkjenning av nye beitelag er 1. mai i beiteåret. Søknad om godkjenning av nye beitelag vert å senda til beitekommunen.

Beitelag for utmarksbeite skal ha minst 3 medlemmar og 150 småfeeiningar.

Beitelag for innmarksbeite skal ha minst 2 medlemmar og 100 småfeeiningar.

1 småfeeining = 0,1 storfe = 1 sau = 1 lam = 1 geit = 1 kje

1. Husdyrhaldet som er omfatta av beitelaget si verksemd, må drivast i samsvar med lover og forskrifter som gjeld for husdyrhald.

2. Beitelag skal ha egne vedtekter og eit styre vald av medlemmene i laget, og føra protokoll frå alle møter der det blir gjort vedtak. Laget må ha avvikla årsmøte i søknadsåret.

3. Laget skal vere ope for brukarar som har tilgang til utmarksbeite eller innmarksbeite i eit område der samarbeid kan fremme bruken av beiteområda.

4. Laget skal føra rekneskap for den økonomiske verksemda i laget i tråd med gjeldande reglar og god rekneskapsskikk.

5. Laget skal bruka heile tilskotet til å fremje den organiserte beitebruken i området gjennom felles tiltak. Tilskotet kan ikkje betalast direkte ut til medlemmane i beitelaget.

6. Laget skal organisere effektivt og forsvarleg tilsyn og sanking av beitelagsområdet, tilpassa lokale tilhøve. Beitelaget har ansvar for å sanke beiteområdet og plikter å ta med andre sine dyr under sanking, samt melde frå om dette.

7. Beiteområdet skal inspiserast minst ein gong pr. veke i samsvar med Forskrift om

velferd for småfe av februar 2005. Tilsynet må kunne dokumenterast (dato, tilsynsrunde, unormale tilhøve i beiteområde og tiltak som er sett i verk). Fylkesmannen og kommunen kan be om å få lagt fram denne dokumentasjonen.

8. Laget skal samarbeide med tilgrensande lag når det kan effektivisera ressursbruk og utnytting av beita, dette gjeld særleg sanking og ettersanking.

§ 10. Miljøtilskot til skjøtsel av slåttemark

Tilskot kan løyvast til skjøtsel av artsrike enger som har vore i langvarig hevd gjennom regelmessig slått og utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding. Areal skal skjøttast i samsvar med retningsliner fastsett av Fylkesmannen. Areal skal vere registrert i Naturbase (www.naturbase.no). Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen i forkant av søknadsomgangen, men må fylle kriteria for registrering i Naturbase. Tilskot blir gitt pr. daa. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 11. Miljøtilskot til skjøtsel av kystlynghei

Tilskotet kan løyvast til tradisjonell skjøtsel av kystlyngheiene. Lyngheiene skal skjøttast med minst 3 månaders vinterbeite med tilstrekkeleg beitepress og lyngsviing utført tilstrekkeleg ofte til å sikre god fornying og ivaretaking av lyngen. Det omsøkte arealet må vere kartfesta på kart over kystlyngheiområda i Hordaland. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 12. Miljøtilskot til skjøtsel av styvingstre

Tilskotet kan løyvast til styvingstre som vert halde ved like jamleg. Trea må styvast kvart femte til sjuande år, men tilskotet blir òg utbetalt i åra mellom kvar styving. Trea må vere gamle styvingstre som tidlegare har vore nytta til fôrproduksjon. Det er ikkje krav om å nytte lauvet til fôr i dag for å få tilskot. Det kan bli gitt tilskot til nye styvingstre når dei inngår i eit miljø av eldre styvingstre. Nyetablerte styvingstre kan få RMP-tilskot når dei har blitt styva i to syklusar. Trea skal stå på innmark eller utmarksbeite som er i drift. Arealet skal ikkje vere prega av attgroiing og styvingstrea skal stå klart fram i landskapet. Tilskotet blir utmålt pr. tre. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 13. Miljøtilskot til beite av biologisk verdifulle areal

Tilskotet kan løyvast til skjøtsel av artsrik beitemark som har vore i langvarig hevd utan nemnande gjødsling eller jordarbeiding. Aktuelle område kan vere haugar, tørrbakkar eller andre stader der det har vore lite gjødsling. Areal skal skjøttast i samsvar med retningslinjer fastsett av Fylkesmannen. Areal skal vere registrerte i Naturbase som «naturbeitemark», «hagemark» eller «strandeng». Nye areal kan godkjennast av Fylkesmannen i forkant av søknadsomgangen, men må fylle kriteria for registrering i Naturbase. Tilskotet blir utmålt pr. daa. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 14. Miljøtilskot til støling

Det kan løyvast tilskot til skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø og stølslandskap. Føretaket må ha hovuddelen av mjølkeproduksjon med ku eller geit på stølen i minst 4 veker i sommarhalvåret, og produksjonen skal skje innafor kvote. Tilskotet vert gjeve til enkelteller fellesføretak.

For å ha rett på tilskot til foredling, må det innan 15. oktober i søknadsåret, leverast dokumentasjon på omsetning på stølen. Det er krav om å levere dokumentasjon på omsetning til kommunen for å ha rett på tilskot til foredling. Det er to grunnordningar (drift av enkeltseter med mjølkeproduksjon og drift av felleseter med mjølkeproduksjon) og to påslagsordningar (påslag for drift av enkeltseter og felleseter med foredling).

§ 15. Miljøtilskot til skjøtsel av gravminne

Det kan løyves miljøtilskot til skjøtsel av gravminne ved beiting eller slått. Gravminnet skal vere eit enkeltståande kulturminne som er automatisk freda etter lov om kulturminner. Gravminnet skal ligge på eller i nær tilknytning til jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite). Arbeidet skal skje i samsvar med Riksantikvarens retningslinjer for slik vegetasjonsskjøtsel. Tilskotet kan løyvast til enkeltminne. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 16. Miljøtilskot til skjøtsel av gravfelt

Det kan løyvast miljøtilskot til skjøtsel av gravfelt ved beiting eller slått. Gravfeltet skal vere automatisk freda etter lov om kulturminner og liggje på eller i nær tilknytning til jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite). Skjøtselen skal skje i samsvar med Riksantikvarens retningslinjer for slik vegetasjonsskjøtsel. Tilskotet kan løyvast per dekar. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 17. Miljøtilskot til skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne

Det kan løyvast miljøtilskot til skjøtsel av andre automatisk freda kulturminne, som buplassar, hustuffer, dyrkingsspor, vegfar mv. Kulturminna skal liggje på eller i nær tilknytning til jordbruksareal (fulldyrka, overflatedyrka eller innmarksbeite). Tilskot kan løyvast per dekar. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 19. Miljøtilskot til skjøtsel av steingardar

Det kan løyvast tilskot til vedlikehald av steingardar på innmark i jordbrukets kulturlandskap. Steingarden må vera minst 75 cm høg, haldast såpass fri for vegetasjon at den er synleg, og vera i slik stand at den står fram som eit gjerde i landskapet. Det skal vera eit oppmura gjerde, ikkje ei ryddingsrøys. Gjerdet treng ikkje å vere heilt den opp - havlege gjerdelinja, men den delen som det vert søkt om tilskot for, må framstå som heil. Tilskotet er ein del av den nasjonale ordninga Miljøtilskot til skjøtsel av bakkemurar, tre - rekker og skigardar. Tilskotet kan løyvast per løpemeter. Det er satt krav om skjøtelsplan for det omsøkte området.

§ 20. Miljøtilskot til skjøtsel av viktige kulturhistoriske område

Tilskot kan løyvast til skjøtsel av kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova, eller regulert etter Plan og bygningslova som spesialområde eller omsynssone «kulturmiljø».

Det er krav om at freda bygningar og anlegg ikkje vert endra utan at det er gitt

dispensasjon. Vidare skal vedlikehald og istandsetjing av bygningar som ligg i omsynssoner, vere avklara med kulturminneforvaltninga i Hordaland fylkeskommune. Tilskotet vert utmålt etter daa, der kvart kulturmiljø kan få tilskot for maks 2 daa. Det er satt krav om skjøtselsplan for det omsøkte området.

§ 21. Miljøtilskot til miljøavtale elvemusling, med ugjødsla randsone i eng

Det kan løyvast tilskot til føretak som har inngått miljøavtale elvemusling med kommunen om drift av areal mot vassdrag med lokaliteter av elvemusling. Avtalen gjeld eige og leigd areal som føretaket disponerer innanfor nedbørsfeltet til det aktuelle vassdraget. Alle vilkår i avtalen må vere fylt for å kunne få tilskot. Tiltak skal vere omtalt i miljøplan elvemusling (skjøtselsplan) og vere teikna på miljøplankartet. Tilskotet vert utbetalt pr. daa.

For føretak med miljøavtale kan det også løyvast tilskot til ugjødsla randsone i eng. Tilskotet vert utbetalt per løpemeter. Vilkåra er omtalt som buffersone mot vassdrag i miljøavtale elvemusling.

§ 22. Miljøtilskot til tiltak mot utslepp til luft

Det kan løyvast tilskot til spreieing av husdyrgjødsel i veksande kultur ved bruk av nedlegging med tilførselsslange. Tilskotet blir tildelt med ein sats pr. daa gjødsla ved nedlegging og ein sats pr. daa ved bruk av tilførselsslange. Minste spreiemengde er 5 kg total-N pr. daa. Gjødsla skal spreiest i vekstsesongen og før 1. august. Ved leigekøyring er det den som disponerer arealet som har rett på tilskot. Det er krav om logg for gjødselspreieing.

Kapittel 3. Generalle føresegner

§ 23. Retningslinjer og satsar

Tilskot vert utbetalt etter utfyllande retningslinjer, satsar, definisjonar med meir fastsett av Fylkesmannen i Hordaland.

§ 24. Søknad og utbetaling

Frist for søknad er 20. september. For tilskot til beitelag er søknadsfristen 15. november. Tidspunkt for teljedato for søknadsomgangen 20. september er 1. januar og 31. juli. Det skal nyttast eige søknadsskjema fastsett av Fylkesmannen i Hordaland.

Ved for seint levert søknad vert det reduksjon i tilskot med 1 000 kroner per verkedag etter fristens utløp opp til 20 verkedagar. Søknader som vert levert seinare enn 20 verkedagar etter fristen vert ikkje handsama månad etter søknadsfristen, vert avviste.

Det løyvde tilskotet vert utbetalt til det føretaket eller beitelaget som framsette søknaden. Tilskotet kan ikkje overførast til eige eller pant.

§ 25. Administrasjon, dispensasjon og klage

Kommunen fattar vedtak om tilskot. Fylkesmannen kan i særlege høve dispensere frå reglane i denne forskrifta. Vedtak fatta av kommunen kan påklagast til Fylkesmannen. Vedtak fatta av Fylkesmannen i første instans kan påklagast til Landbruksdirektoratet.

§ 26. Opplysningsplikt og kontroll

Føretak og beitelag som får tilskot etter denne forskrifta, har plikt til å gje alle naudsynte opplysningar som kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet krev. Kommunen, Fylkesmannen og Landbruksdirektoratet, fører tilsyn med at utbetalinga er rett og har tilgang til all bokføring, korrespondanse og dokumentasjon som gjeld tilskotet som er gjeve til føretaket. Opplysning gjeve i samband med søknad om tilskot kan også kontrollerast ved teljing og måling på dei landbrukseigedomane og teljing av dei dyra som føretaket disponerer.

§ 27. Tilbakehalding og avkorting ved regelverksbrot

Dersom føretaket driv eller har drive si verksemd i strid med regelverk for jordbruks - verksemd, kan heile eller delar av tilskotet haldast tilbake inntil tilhøva er retta opp. Er det ved brot på regelverket utvist grov aktløyse eller forsett, kan heile eller delar av tilskotet som tilfell føretaket, avkortast. Tilskotet kan også avkortast dersom føretaket ikkje held dei fristar som Kommunen, Fylkesmannen eller Landbruksdirektoratet har satt for å kunne utføre sine kontrolloppgåve i samsvar av § 26.

§ 28. Avkorting ved regelbrot

Dersom føretaket eller beitelaget aktaust eller med føresett har gitt feil opplysningar i søknaden som har eller kunne gitt grunnlag for urettmessig utbetaling av tilskot til seg sjølv eller andre, kan heile eller deler av det samla tilskotet avkortast.

Tilskotet kan avkortast eller falle bort dersom føretaket ikkje oppfyller, eller berre delvis oppfyller krava som er stilte i §3, andre og tredje ledd. Av same grunn kan utbetalt tilskot heilt eller delvis bli kravd tilbake, jf. § 26.

§ 29. Innkrevjing og renter

Differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 26, § 27 og § 28, kan krevjast tilbakebetalt frå mottakaren eller motreknast i seinare tilskotsutbetalingar. Tilsvarende gjeld differansen mellom utbetalt beløp og redusert tilskot som følgje av vedtak om avkorting etter § 27 og § 28.

Beløpet kan òg bli motrekna i seinare utbetalingar etter denne forskrifta, eller i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

Der mottakaren ikkje var i aktsam god tru om utbetalinga, kan renter krevjast frå det tidspunkt kravet om tilbakebetaling kom fram til søkjar.

Ved grov uaktsomhet eller forsett kan renter krevjast frå tidspunktet for utbetalinga av det urettmessige tilskotet. For renter gjelder elles lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m.

Krav frå offentlig myndigheit som springar ut frå jordbruksverksemd kan motreknast i seinare tilskotsutbetalingar til føretaket.

§ 32. Iverksetjing

Forskrifta trer i kraft 1. juli 2015.

Frå same dato vert forskrift 1. juli 2014 om tilskot frå Regionalt miljøprogram, Hordaland oppheva.